

Vekeplan for 3.trinn

	Veke 36	
Tema: Demokrati og medborgarskap		

Mål

Norsk	Eg forstår det eg les.
Matematikk	Eg veit forskjell på einar- tiar og hundraplass i tresifra tal.
Engelsk	Eg kan nokon engelske ord og kan fortelja kor eg lyttar til engelsk.
Sosialt	Eg smiler og seier "Hei" eller "God morgon" til andre.

Lekser

Vekelekse	Legg bokbind på Salto boka dersom du ikkje har gjort det. Matematikk: Gjer arket i leksemappa. Norsk: Øv på diktat kvar dag. Arket i mappa kan brukast til å øve. Det er nytt ark i klasserommet viss eleven treng meir.
Til tysdag	Norsk: Les side 12 eller 13 i Salto elevbok 3A. Velj måne eller sol tekst ut frå nivå.
Til onsdag	Norsk: Les teksten på Showbie, spel inn talenotat. Matematikk: I-padlekse: Skolestudio-Matematikk-Multi: Gjer nettoppgåvene som er tildelt på «bjella».
Til torsdag	Norsk: Gjer side 11 i Salto arbeidsbok.
Til fredag	Norsk: Les minst 10 minutt i ei bok du har heime. Hugs vekelekse!
Diktat	Alle jentene i klassen var i bursdagen til Kine.

Timeplan

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1.økt	Samling Matematikk	Kroppsøving	Samling Norsk	Samling/ Samfunn/Leik /Symjing gr 1	Samling Norsk
2.økt	Norsk	Norsk	Matematikk	Matematikk	Matematikk
3.økt	Norsk Livsmestring	Engelsk	Kor/musikk	KRLE	Naturfag
4.økt	Kunst og handverk				
Slutt	14.15	13.00	13.00	13.00	13.00

Informasjon til heimen

I-pad: Hugs å sende I-paden med til skulen på onsdagen når den har vore heime i lekse.

Leiker og fotballkort: Me ber om at elevane ikkje tek med seg dette til skulen, då det fort kan skape konflikhtar.

Innesko: Det er nokre få elevar som manglar innesko på skulen. Fint om dei kan ha med seg det. Det går ann å bruke gymskoa som innesko 😊

Vannflaske: Det hender elevane blir tørste i løpet av skuledagen. Dei som vil kan ta med seg ei flaske dei kan ha ståande på skulen. Hugs å merke med namn.

Mat/frukt: Elevane har med matpakke med vanleg sunn brødmatt. Dei kan også ha med ei frukt eller grønnsak.

Mjolk: Bestilling av skulemjolk gjer ein på nettet: www.skolelyst.no

Skifteklede: Elevane må ha ekstra skift på skulen som ligg i ein pose i garderoben. Truse, bukse og sokker er ekstra viktig. I tillegg må dei ha innesko, regnklede og støvler. Hugs å merke kleda!

Gymsko: Det vert gym kvar tysdag. Dette året skal dei dusje etter gymtimane. Dei skal ha med seg gymklede, sko, handkle og såpe. Elevane skal ikkje dusje håret etter gymtimane.

Symjing: Elevane startar endeleg opp med symjing! Det blir på torsdager i 1.økt. Vi tek buss til Sivdammen kl 08.15, så dei som har symjing må møte kl 08.00. Ny lapp med symjegruppene ligg i postmappa. Det er gruppe 1 som startar med symjing.

Ta med badeklede, badehette, shampo, kroppssåpe og handkle i ein pose/bag. Merk ALT med namn. Det er ikkje lov med symjebriller/dykkermaske.

Vi ønsker at de øver på dusjing heime. Elevane må kunne kle av/på seg sjølv, åpna og lukka såpa, såpa seg inn med shampo i håret (ikkje balsam) og såpe på kroppen, skylja ut såpa, tørka hår og kropp, ta på badedrakt/badebukse og badehette.

Jenter: Dei må kunne børste håret og sette det i hale.

Det er óg fint om de kan snakke med eleven om at det er spesielt viktig å fylgja reglane når vi er i symjehallen.

Emil har ansvar for undervisninga og guttegarderoben. Ingrid A er med i jentegarderoben. I tillegg er det 1 badevakt i symjehallen.

Sjukdom: Dersom elevane er sjuke må de melda frå om dette i "VISMA min skole"-appen om morgonen slik at me veit at elevane ikkje kjem.

SFO: Dersom elevane ikkje skal på SFO ein dag må de leggja inn dagsnotat på Visma. Det er ikkje nok at elevane seier i frå munnleg.

Samtykke: Vi ber om at alle går inn på Visma og kryssar av på samtykke.

Me ønskjer alle ei fin veke 😊

Helsing Aleksander, Ann Jeanett, Emil, Hanna, Ingrid, Mia, Safeta, Tine, Torill

